



Notat

Dato: 03.07.2014
Arkivsak: 2014/11292-9
Saksbehandlar: lisadla

Til: Samferdselsutvalet
Frå: Fylkesrådmannen

Svar på oversendingsforslag - Inn meldingsteneste for manglar på vegnettet

I møte i samferdselsutvalet 18.11.13 sette representanten **Alf Helge Greaker (V)** fram slike spørsmål:

Feilmeldingsteneste for fylkesvegar

Denne oversendinga bør og sjåast i lys av meldingssak 170/13. Bergen kommune har ei nettbasert teneste kor innbyggjarane kan melde inn feil på ei rekke område. Det kan dreie seg om akutt miljøforureining, manglar i parkar og grøntområde, mørke lyspunkt i byrom, rotter, manglende reinhald av leikeplass, skada eller døde dyr og fisk, vatn opp av kum og så vidare. Under kategorien "Vei og parkering" kan ein melde om ei rekke mindre manglar som øydelagte rekkverk, hol i vegbanen, manglende gatelys og behov for mindre asfaltering. Dette er altså manglar som ikkje krev eigne store budsjettpostar i sektorane sine budsjett og som kan utbetraast raskt. Tiltaka treng heller ikkje sortere under Trafikksikringstiltak eller andre store planar. Tenesta fungerer veldig godt, innbyggjarane er nøgde og det er ei stor innsparing både økonomisk og tidmessig for dei som skal drifta dette, sidan dei kan ferdiggjere mange små tiltak på ein gong når dei først er i arbeid. Å kunne reparere småskader og vedlikehalde på eit tidleg stadium er mykje billigare enn å vente til dei blir større. Sjølv nettenesta er så langt representanten kjenner til, utarbeida og drifta av ein ekstern leverandør, så det er heller ikkje nødvendig med store midlar til nyutvikling eller investeringar. Ein ber om at fylkesrådmannen som ein del av samarbeidet med kommunane og Statens Vegvesen, ser på og fremtar ei sak om ei tilsvarende meldingsteneste for fylkesvegane.

I møte i samferdselsutvalet 04.06.14 sette representanten **Tom Skauge (FI Sv/R)** fram slike spørsmål:

SV og KRF ber vegstyresmaktene på nytt sjå på BT sin plattform for å melde inn potensiale for trafikkuhell. Nulltoleranse for trafikkuhell er eit viktig ansvar både for politiske og administrative ledd i folkestyret.

Fylkesrådmannen har sett desse spørsmåla under eitt, og vel å svare på desse to oversendingane samla.

Det vert her vist til tidlegare svar på dette spørsmålet, jf melding 107/13 og 170/13, der det vart peikt på dei eksisterande kanalane som publikum har for å melde inn saker. Dette vere seg innmelding via Vegtrafikksentralen (VTS), brev/e-post og telefonisk kontakt til fylkeskommunen og Statens vegvesen, og ikkje minst den kontinuerlege dialogen mellom kommune, fylkeskommune og Statens vegvesen om vegspørsmål. I dette ligg og dei kommunale trafikkskringsplanane, der særleg skulane (FAU) er aktive i prosessane.

Fylkesrådmannen har innhenta informasjon frå Statens vegvesen om korleis arbeidsprosessen var då Bergens Tidende (BT) etablerte ein innmeldingsportal våren 2011. I dei fire vekene innmeldingstenesta var operativ kom det inn omlag 1000 ulike tips. Statens vegvesen melder tilbake at det var eit stort arbeid å gå gjennom alle tipsa, og at dei brukte mykje ressursar på dette, og på å gjennomføre synfaringar. Dei fleste av tipsa var allereie kjent og fanga opp frå tidlegare, medan nokre av tipsa var nye.

Ut frå detta har fylkesrådmannen vurdert spørsmålet som er reist på nytt, men finn ikkje at det er rett ressursbruk å gå vidare med saka, og setje i gang eit arbeid med å etablere ein eigen portal for innmelding av eigne fylkesvegsaker i Hordaland.